



John Ivar Eidsnes  
Eidsnesvegen 96  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2679 - 14/19638

Saksbehandlar:  
Siril Therese Sylta  
Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:  
29.08.2014

## Avslutta sak om mogelege ulovlege tilhøve - gbnr 215/56 og 215/5 Eidsnes ytre

Lindås kommune fekk ein førespurnad frå Jon Ivar Eidsnes som gjaldt mogelege ulovlege tiltak på hans eigedom med gnr. 215 bnr. 5 utført av nabo med eigedom gbnr 215/56. Lindås kommune hadde sakleg grunn til å tru at det var ulovlege tilhøve etter plan- og bygningslova (pbl), og det blei med heimel i pbl §§ 25-1 og 31-7 gjennomført synfaring på eigendomen 19.08.14. Til stades på synfaringa var representantar frå Lindås kommune, konsulent Ingrid Sævold Moe og konstituert fagleiar Siril Sylta, samt eigar av gbnr 215/5 John Ivar Eidsnes, eigar av gbnr 215/56 Norunn og Terje Bjørge, Gunvor Nøttveit, eigar av gbnr 215/37 Torunn Abrahamsen, eigar av gbnr 215/67 Roald og Rannveig Eidsnes og Leif Eidsnes på vegne av gbnr 215/2.

Kommunen har vurdert at dei tiltaka som vart gjenstand for synfaring ikkje er i strid med plan- og bygningslova. Sak om ulovlege tilhøve på gbnr 215/5 vert med dette avslutta.

Tilhøva som vart drøfta på synfaringa var utelukkande privatrettslege tilhøve. Lindås kommune har ikkje høve til å ta stilling til privatrettslege tilhøve. Dette er forhold som partane sjølv må løyse.

På synfaringa blei også spørsmål knytt til grenser mellom eigedomene tatt opp. Lindås kommune informerer Dykk om at de har moglegheit til å bestille oppmålingsforretning hos Lindås kommune. Dette er ein gebyrbelagt teneste.

Lindås kommune har på bakgrunn av dette avslutta sak 14/2679.

Avgjerda er ikkje eit enkeltvedtak, og kan derfor ikkje påklagast etter reglane i forvaltningslova.

Med helsing



Siril Therese Sylta  
konstituert fagleiar

Ingrid Sævold Moe  
Konsulent på vegne av Lindås kommune

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Torunn Abrahamsen	Rollandslia 110	5115	ULSET
Roald og Rannveig Eidsnes	Eidsnesvegen 114	5913	EIKANGERVÅG
Leiv Eidsnes	Eidsnesvegen 106	5913	EIKANGERVÅG
Gunvor Nøttveit	Eidsnesvegen 131	5913	EIKANGERVÅG

**Mottakarar:**

John Ivar Eidsnes	Eidsnesvegen 96	5913	EIKANGERVÅG
Norunn Bjørge	Eidsnesvegen 121	5913	EIKANGERVÅG